



DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President  
Ekspedisjonskontoret  
Stortinget  
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

15/4563-

04.01.2016

**Spørsmål nr. 378/2015 til skriftlig svar frå representant Per Olaf Lundteigen:  
Sysselsettingsgrad og heiltidssysselsetje innvandrarar**

Storingsrepresentant Per Olaf Lundteigen har stilt følgjane spørsmål til skriftlig svar:

"Kva er høvesvis i) sysselsettingsgrad og ii) andel heiltidstilsette for personar busett i Noreg i aldersgruppa 25-62 år for heile befolkninga, befolkninga ekskl. innvandrarar og innvandrarar fordelt på landgrupper (Norden, Vest-Europa utanom Norden, EU-land i Aust-Europa, Aust-Europa elles, Nord-Amerika/Oseania, Asia, Afrika og Sør-/Mellom-Amerika) for kvart av åra 2004-2014?"

Svar:

I Noreg har vi godt utbygd arbeidsmarknadsstatistikk. Sysselsettingsgradar kan fordelelast, slik representanten ynskjer, på landbakgrunn. Likevel gir den offisielle statistikken ikkje fullt ut svar på representantens spørsmål. Den offisielle statistikken nyttar ein noe annan aldersgruppering enn det representanten etterspør og det er ikkje opplysningar om arbeidstid. Dessutan publiserer ikkje SSB ein så lang tidsserie som representanten etterspør.

Med desse avgrensingane følger under ein oversikt over sysselsetjingsdelar mellom busette etter ulik landbakgrunn for perioden 2007 til 2014 (tabell 1). Tala er henta frå SSBs statistikkbank. Tala viser at sysselsetjingsgraden i befolkninga har falt med 1,8 prosentpoeng frå 2007 til 2014. Blant innvandrerar har det vore langt meir stabilitet; her har sysselsetjingsgraden auka med 0,2 prosentpoeng i same periode. Men utviklinga mellom ulike innvandrargrupper spriker. Innvandrarar frå Afrika har hatt den største nedgangen i denne perioden. I denne gruppa har sysselsetjingsgraden falt med 6,2 prosentpoeng frå 2007 til 2014. Markert har òg nedgangen vore mellom innvandrarar frå EU-land i Øst-Europa.

Representant Lundteigen stilte i april 2015 spørsmål om sysselsettingsgrad delt på heiltid og deltid. Den gang fikk departementet slike tal sendt over frå SSB. Basert på desse tala gjengis under delen av dei sysselsetje som arbeider heiltid i enkelte år i perioden 2001 - 2013 (tabell 2). Tala viser at delen heiltidsarbeidarar har auka etter 2005 og at det gjeld for alle grupper med unntak av dei frå Afrika. Særleg blant sysselsetje frå EU-land i Aust-Europa har det vore ein stor auke i delen som arbeider heiltid.

**Tabell 1: Sysselsetjingsgrad i befolkninga etter landbakgrunn**

Sysselsetje i prosent av busett befolkning. 2007 – 2014. 20 – 66 år. Kjelde: SSB

	Hele befolkningen	Ekskl. innvandrere	Innvandrere	Norden	Vest-Europa eller	Øst-Europa	Øst-Europa eller	Nord-Amerika mv.	Asia	Afrika	Sør- og M.-Amerika
2007	79,1	80,6	66,9	79,7	76,8	78,0	66,5	68,7	58,9	51,9	68,0
2008	79,2	80,7	67,6	80,8	78,2	75,3	67,6	69,9	59,4	52,9	69,0
2009	77,6	79,4	65,2	79,6	76,7	72,6	65,2	68,8	56,9	48,6	65,7
2010	77,0	78,9	65,2	79,6	75,8	73,0	65,4	68,2	56,6	47,1	66,0
2011	77,2	79,1	66,5	81,1	75,6	75,7	65,8	70,1	57,1	47,7	66,8
2012	77,2	79,2	66,5	81,5	75,3	75,0	65,7	70,8	58,0	46,0	66,4
2013	77,3	79,3	66,8	81,8	76,2	75,1	66,3	70,8	58,5	45,5	66,4
2014	77,3	79,5	67,1	81,7	76,2	75,5	67,2	70,7	59,2	45,7	65,8

**Tabell 2: Del av sysselsetje som jobbar heiltid, etter landbakgrunn**

Prosent. Busett befolkning. 2001 – 2013. 20 – 66 år. Kjelde: SSB

	Hele befolkningen	Ekskl. innvandrere	Innvandrere	Norden	Vest-Europa eller	Øst-Europa	Øst-Europa eller	Nord-Amerika mv.	Asia	Afrika	Sør- og M.-Amerika
2001	74,8	74,8	73,0	75,6	77,2	71,7	70,0	75,4	71,5	70,3	69,1
2003	74,5	74,5	72,6	75,5	76,1	71,9	70,9	73,6	70,7	71,0	68,6
2005	74,1	74,2	72,3	76,5	77,4	71,6	69,8	74,3	69,7	68,7	68,5
2007	74,6	74,7	72,3	76,5	77,5	72,6	71,7	74,4	69,7	68,3	69,5
2009	76,1	76,2	73,6	78,4	79,2	74,9	73,3	77,3	70,8	68,0	70,5
2011	76,2	76,4	74,0	79,9	80,4	76,4	72,4	77,0	71,6	65,9	70,8
2013	76,6	76,8	74,8	80,9	81,4	80,4	73,1	78,8	71,9	65,3	70,2

Om det er behov for ytterligere oppdelingar, må det bestillas særskilte køyringar frå SSB.

Med hilsen

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Anniken Hauglie', with a large, sweeping flourish at the end.

Anniken Hauglie